



DEN NORSKE KYRKJA
Aukra sokne- og fellestråd

Skogvegen 1 A
6480 AUKRA
Tlf: 71171540
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
www.aukrakyrkje.no
Org.nr.: 976997654

MØTEREFERAT:

Utval: Aukra Sokne- og fellestråd (SFR)
Møtedato: 12. mai 2022
Møtetid: 1840-2130
Møtestad: Storsal, kyrkjelydshuset

Desse medlemmer møtte:

Eva Beate Nybø, Rune Vågøy, Svein Løwe, Odd Arve Orten, Anne Beate Storbakk, Anne Berit Oterhals Skrede, Berit Marie Sporsheim og Kristian Finn Risung (8)

Forfall: Sissel Kvist og Arne Hjelmås (2)

Kyrkjeverje: Elizabeth Stewart Søvik (referent).

Opningsord v/Rune

SAKLISTE :

SAK 17-22 **GODKJENNING AV:**
A. Innkalling
B. Referat møtet 31. mars 2022

VEDTAK:

A. Innkallinga – sak 17-22 blir endra frå «vikariat» til engasjement. Elles godkjend
B. Referat møtet 31. mars 2022 – blei godkjend.

SAK 18-22 **DRIFTSBUDSJETT 2022**
FRAMLEGG TIL VEDTAK:
Driftsbudsjettet for 2022 blei godkjend.

Vedtak i AU: Framlegget blei godkjend.

VEDTAK I SFR:

Driftsbudsjettet for 2022 blei godkjend.

SAK 19-22 **FORLENGING AV ENGASJEMENT – IKKJE OFF § 5a**
VEDTAK I AU:
Engasjementet på 40% til EMT vert endra til 31.12.22.

FRAMLEGG TIL VEDTAK I SFR:

Engasjementet på 40% til EMT vert endra til 31.12.22.

VEDTAK I SFR:

Engasjementet på 40% til EMT vert endra til 31.12.22.

SAK 20-22**ØKONOMISKRAPPORT FOR 1. KVARTAL 2022****FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Økonomirapporten for 1. kvartalet 2022 blir lagt fram i SFR evt. lagt fram i neste møte. Informasjon om banksaldo skal leggest fram.

Vedtak i AU:

Framlegget blir godkjend.

VEDTAK SFR:

Økonomirapporten for 1. kvartalet 2022 blir lagt fram i neste SFR møte.. Informasjon om banksaldo pr 12.05.22 var lagt fram til orientering.

SAK 21-22**ENDRING AV MØTEPLAN – FRÅ 9. JUNI TIL 2. JUNI 2022****FRAMLEGG TIL VEDTAK I AU:**

SFR møte 9. juni vert flytta til 2. juni. AUmøte i forkant vert etter avtale.

VEDTAK I AU:

Framlegget blei vedteke.

FRAMLEGG TIL VEDTAK I SFR:

SFR møte 9. juni vert flytta til 2. juni. AUmøte i forkant vert etter avtale.

VEDTAK:

SFR møte 9. juni vert flytta til 2. juni. AUmøte i forkant vert etter avtale.

SAK 22-22**AVTALE OM DIGITALISERING AV KYRKJEBLADET****FRAMLEGG TIL VEDTAK I AU:**

1. Aukra Sokneråd er positive og vil inngå avtalen med Nasjonalbiblioteket om digitalisering av *Kyrkjebladet*.

2. Kyrkjeverje i Aukra tar kontakt med Sandøy og Midsund om fullmakter mm og lear for Aukra Sokneråd signere under avtalen når alt er tilfredsstillande på plass.

3. Aukra Sokn betaler evt. portokostnader.

VEDTAK I AU:

Framlegget blei godkjend.

FRAMLEGG TIL VEDTAK I SFR:

1. Aukra Sokneråd er positive og vil inngå avtalen med Nasjonalbiblioteket om digitalisering av *Kyrkjebladet*.

2. Kyrkjeverje i Aukra tar kontakt med Sandøy og Midsund om fullmakter mm og lear for Aukra Sokneråd signere under avtalen når alt er tilfredsstillande på plass.

3. Aukra Sokn betaler evt. portokostnader.

VEDTAK I SFR:

1. Aukra Sokneråd som er styret for *Kyrkjebladet*, er positive og vil inngå avtalen med Nasjonalbiblioteket om digitalisering av *Kyrkjebladet*.

2. Aukra Sokn betaler evt. portokostnader.

SAK 23-22 Orienterings-/drøftingsaker:

23.1 Utsettjing av saker:

Desse sakene blei utsett i AU/SFR då nestleiarer er sjukmeldt:

- **Situasjonsrapport i samband med ulike utval**
- **Opning av kulturhuset – deltaking** – det var laga til sak – sjå sak nr 24-22.
- **Ny kyrkje på Julsundet:** Kristian høyrer med Sissel om status.

23.2 Bemanningsstoda kyrjekontoret – orientering v/Elizabeth

23.3 Klokkarfunksjon – skal spørje ulike personar som kan prøve seg fram før evt. utlysing

23.4 Ringelegg – rapport til leverandøren. Blei teke til orientering. Ein må ta omsyn til internettet ved evt. graving i samband med fibernettet.

23.5 Møte med kommunen – Eva Beate og Elizabeth hadde møte med kommunen 3. mai. Referatet blei teke til orientering.

23.6 Markus Evangeliet – Svein har teke kontakt og det blir i løpet av v. 40. Det er ønskeleg at det blir med konfirmantane torsdag den veka. Svein tar kontakt.

23.7 Brannsløkkingsanlegget – Svein orienterte og han har hatt regelmessig kontakt med konsulenten. Anbudspapira blir sendt til DOFFIN (database for offentleg innkjøp) neste veke.

23.8 Årsmøtesaker – i tillegg til rekneskapen med årsmelding, skal ein ta med seg saka om ny gudstenesteordning og kor mange som skal vere med i SFR framover.

ekstra sak

Sak: 24-22 OPNING AV KULTURHUSET – DELTAKING

Vedlegga blei lagt fram i møtet.

KONKLUSJON

Det må flyttast frå 4. til 11. september pga Bjørnsund. Vi må ta kontakt om kva som er ledig 11. september og kven og kva Aukra kyrkjelyd kan bidra med. Det er veldig mykje som er på programmet i samband med opninga.

ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSER

Det krev planlegging, organisering og nokon til å koordinere/leia dette. Ein må ta omsyn til budsjett/kostnader ved evt. innleiing av eksterne aktørar.

VEDTAK I SFR:

1. Eventuelle deltaking må endrast frø 4. til 11. september pga tur til Bjørnsund med konfirmantane 4. september.
2. Kristian undersøker om kva som skjer i huset den 11. september
3. AU styrer budsjettet for dette – innan rimeleg grenser.
4. Anne Berit og Rune fordeler telefon ringing til ulike kontaktpersonar som har med kyrkjelydsaktivitetar å gjere

5. Dei resterande medlemmer i SFR hjelper til ved behov/førespørsmål
6. Det blir kalla inn til møte torsdag den 19. mai med eventuelle deltakarar.
7. Gruppa rapportere tilbake til AU/SFR

Aukra 13. mai 2022

Eva Beate Nybø
Leiar
(sign)

Elizabeth Stewart Søvik
Sekretær/referent
Tlf:468 40 719